



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 19.04.2017
Tid: 13:45

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Inge-Jonny Hide	Medlem	H
Ivar Slettevoll	Medlem	H
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Arnfinn Hide	Medlem	H
Elisabeth Strand Slettevold	Medlem	H
Mathias Hogne Gjerde	Medlem	H
Arnljot Muren	Medlem	A
Geir T. Torsvik	Medlem	A
Trond Torset	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Camilla Auflem Vik	Medlem	A
Bjørn Flatøy	Medlem	TVP
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Liv Sæther Myskja	Medlem	TVP
Olav Myklebust	Medlem	SP
Kari Grønnevik	Medlem	SP
Marion Flatøy Bringsvor	Medlem	FRP
Kåre Fjørtoft	Medlem	FRP
Einar Ekroll	Medlem	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Støylen	Varaordførar	TVP

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Kvamme	Helge Støylen	TVP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Fungerande rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 21

**Bjørn Flatøy sette fram forslag på Anne-Marte Skarmyr Beitveit som settevaraordførar.
Ho vart samrøystes vald.**

Sak 16/17 Fungering/konstituering i høve rådmann sitt sjukefråvær frå mars 2017
vart handsama først i møtet.
Oddbjørn Indregård tok etter det plass i møtet som konstituert rådmann.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 10/17	Skriv og meldingar	
PS 11/17	Oppgradering av Gjerdsvika VBA	2017/296
PS 12/17	Kontrollutvalet i Sande - årsmelding for 2016	2017/319
PS 13/17	Skatteoppkrevjarfunksjonen for Sande kommune - kontrollrapport, årsmelding 2016	2017/212
PS 14/17	Sande kommune - kommunereform, kommunalt vedtak etter folkerøysting om intensjonsavtale mellom Herøy og Sande	2016/1331
PS 15/17	Sande kommune - Revidert investeringsbudsjett 2017	2016/1020
PS 16/17	Fungering/konstituering i høve rådmann sitt sjukefråvær frå mars 2017	2017/468

Eventuelt

Orientering om demokratiprojektet i regi av Sunnmøre Regionråd IKS
v/rådgjever Erlend Krumsvik
Det vart opna for debatt.

PS 10/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Kommunestyret :

RS 5/17 Møteprotokoll 15.03.2017 Kontrollutvalet

RS 6/17 Kontrollutvalet: Rapport frå kontrollutvalet sitt orienteringsbesøk ved Kvamsøy
Oppvekstsenter

Vedtak: Rapporten vert oversendt hovudutvala til orientering og administrasjonen til
oppfølging.

RS 7/17 Melding om delegert vedtak: Gateadressering i Sande kommune.

Formannskapet si handsaming av saka vart referert.

Framlegg til endringar frå kommunestyret:

Trond Torset: Grønnevika

VEDTAK:

Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 11/17
OPPGRADERING AV GJERDSVIKA VBA

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande kommunestyre vedtek å gjennomføre ei oppgradering av Gjerdsvika VBA slik det går
fram av saksutgreiinga og vedlagt dokumentasjon.

Oppgraderinga skal gjennomførast innanfor ei kostnadsramme på ca kr 1.100 000,- eks mva og
vert å finansiere slik det går fram av saksutgreiinga.

PS 12/17
KONTROLLUTVALET I SANDE - ÅRSMELDING FOR 2016

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret tek til vitande årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

PS 13/17

**SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FOR SANDE KOMMUNE -
KONTROLLRAPPORT, ÅRSMELDING 2016**

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret i Sande har ingen merknad til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, skatterekneskapen og årsmelding for interkommunal arbeidsgjevarkontroll for 2016.

PS 14/17

**SANDE KOMMUNE - KOMMUNEREFORM, KOMMUNALT VEDTAK ETTER
FOLKERØYSTING OM INTENSJONSAVTALE MELLOM HERØY OG SANDE**

Handsaming i Kommunestyret :

Jon Garen, Ap sette fram mindretalstilrådinga frå formannskapet:

Sande kommunestyre viser til resultat av gjennomført folkerøysting i høve intensjonsavtalen mellom Herøy og Sande og seier nei til samanslåing med berre Herøy basert på intensjonsavtalen dat. 8.12.2016.

RØYSTING:

Pkt. 1 i formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Pkt. 2 i formannskapstilrådinga fekk 11 røyster og vart vedteke, 10 røysta imot (Ap, Sp, Frp, V).

VEDTAK:

1. Sande kommunestyre viser til resultat av gjennomført folkerøysting i høve intensjonsavtalen mellom Herøy og Sande og seier nei til samanslåing med berre Herøy basert på intensjonsavtalen dat. 8.12.2016.
2. Sande kommune sitt vedtak i kommunestyresak 60/16 pkt 1 om å gå inn for ei storkommune på Ytre Søre Sunnmøre i lag med Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid står ved lag.

PS 15/17

SANDE KOMMUNE - REVIDERT INVESTERINGSBUDSJETT 2017

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Kommunestyret viser til saksframlegg med vedlegg, og godkjenner med dette eit revidert investeringsbudsjett for 2017 med ei samla investeringsramme 37 mill kr.

Den samla investeringsramma vert finansiert gjennom nødvendige låneopptak og ubrukke lånemidler som vist i saksframlegget.

PS 16/17

FUNGERING/KONSTITUERING I HØVE RÅDMANN SITT SJUKEFRÅVÆR FRÅ MARS 2017

Handsaming i Kommunestyret :

Oddbjørn Indregård var fråverande under handsaming av saka.

Samr som tilrådinga.

VEDTAK:

Oddbjørn Indregård vert konstituert i stillinga som rådmann i Sande kommune i Asle Giske sitt sjukdomsfråver.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart Trond Torset og Marion F. Bringsvor valde.

Møtet slutt kl 16.10

Trond Torset

Dag Vaagen

Marion Flatøy Bringsvor

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 21. april 2017

Tove Cathrine Kvamme

Tove Cathrine Kvamme

Politisk sekretær